



## Årdal kommune i Holmenkollstafetten

For 6. året på rad deltok Årdal kommune med lag i Holmenkollstafetten, i klassen for bedrift/blanda lag. Laget har hatt faste fellestreninger i vårperioden med avsluttende test- og uttaksløp. Så skulle altså resultatet av trening og taktikk prøvst ut i Oslos gater laurdag 11. mai.



**Bak frå venstre:** Oddbjørn Lien, Lars Arne Nes, Preben Vee, Stine Mari Måren Elverhøi, Torbjørn Haug, Sølvi Hatlevoll, Hanne Britt Eldegard, Kristin Eldegard, Nils Solheim, Merete Moen.

**Framme frå venstre:** Kari Holsæter, Grete Lien, Anita Tveit, Ann Kristin Midtun, Anne Bjørg Dalheim

I år var det 10 kvinner og 5 menn i ÅK-miksen. Jamn god innsats på alle deltakarane, kontrollerte veksingar og skoknutar som heldt, førde til sluttida 75.55, som vart 59. plass av 569 lag i klassen.

Så no kan kommunen skryta av at dei har spreke medarbeidarar. Dei raude lagsdraktene er alt vaska og klare for neste års stafett, då laget heilt sikkert kjem til å forbetra årets tid!

Trass i eit godt resultat for laget, er det likevel det sosiale som er viktigast, motivasjonen til å halda seg i form og gleda over å møtast til fellestreningar.

Organisatorar for det heile har vore Stine Mari Måren Elverhøi, Liv Moen og Rolf Breisnes.

**LABAN ØNSKJER ALLE EIN FIN SOMMAR!**



Frank Westad

## **Første gong eg får ordet i Laban vil eg bruke sjansen til å presentere meg for lesarane, men først vil eg sei litt om utfordringane kommunen står ovanfor.**

Etter to år med meirforbruk i drifta, totalt på kr 26,4 mill., har kommunen ei formidabel oppgåve med å redusere drifta med eit tilsvarende beløp i dei kommande åra.

Kommunen har ikkje pengar på fond som kan avhjelpe situasjonen. Kommunen sine leiarar i samarbeid med tillitsvalde jobbar hardt for å redusere drifta, og det vil syne allereie i år. Målsetjinga er at ein allereie i år skal balansere inntektene og utgiftene. Det blir jobba med å finne nye moglege tiltak som skal redusere driftsutgiftene og auke inntektene. Fleire av tiltaka vil naturlegvis føre til reduksjon i tenestene. Det vert jobba med å selje kommunal eigedom.

I tillegg til ovanfornemnde utfordring, er de kjende med at Hydro Aluminium AS har gått til søksmål mot kommunen for å krevje tilbake innbetalt eigedomsskatt. Beløpet som Hydro prinsipielt krev er ikkje kjend, men ein kan ikkje sjå bort ifrå at dette kan vere i nærare 100 millionar. Kommunen sin rettslege strategi er å avvise kravet som forelda. Vi har stor tru på at vi skal få medhald hjå Sogn tingrett.

Eg vil takke ordføraren for god mottaking og godt samarbeid! Eg har berre blitt møtt av positive, kompetente og fokuserte medarbeidarar på Rådhuset og ute på tenesteområda!

Dette lovar svært bra!

## **Presentasjon**

Eg er født (1962) og oppvaksen i Molde. Eg har høyrte at Kjell Inge Røkke stadig vekk nemner at han vaks opp i mitt nabolag..

Etter verneplikta flytta eg til Bergen for å studere juss på Universitetet. I Bergen vart det tid til å vere aktiv i organisasjonslivet, og i nokre periodar sat eg som vald leiar for 1 300 studentar. Dette var ei god læring i organisasjonsarbeid, og det var vel slik eg fekk smaken på å vere leiar.

# **Rådmannen har ordet**

Elles i studietida jobba eg som vakt og DJ, starta eit lite helsestudio for studentar og dreiv og på som aerobicinstruktør og boksetrenar.

I Bergen jobba eg nokre år som butikksjef i Cubus og fekk stipend til å studere økonomi ved Handelshøgskulen BI.

Etter åra i Bergen jobba eg i eit vikariat som advokatsekretær i Ålesund. Eg hamna så i kommunal sektor, først som økonomisk sakhandsamar, deretter som rådgjevar, før eg vart personalsjef i Lesja kommune på slutten av 90-talet. Før eg vart rådmann i Hornindal, jobba eg i 9 år som personalsjef i Midsund kommune ved Molde.

I tida i Midsund var eg i periodar leiar for Sørviskontoret og helse- og sosialsjef. Eg har og starta og vore styreformann i eit AS i Molde. I tillegg til ovanfornemnde utdanning, har eg studert arbeidspsykologi, coaching, rettleiing og arbeidsrett.

## **Litt om mine interesser**

Har spelt fotball i aldersbestemt i Molde FK og SK Træff, og litt A-lags fotball for Moldekam. Har trenerutdanning frå Akerakademiet og har vore trenar for gut og junior i Molde FK. Har trent Stryn i 5. divisjon, juniorlaget og gutelaget.

Til hausten er eg klar til å bidra som trenar for Jotun IL eller Årdal FK, om det er behov. Elles går eg både på ski og alpint. Syklar og litt. Eg har vore ein flittig bruker av Moldemarka og marka i Stryn.

Er interessert i samfunns spørsmål, likar å kokkelere og opptatt av arkitektur. Er meir enn middels interessert i musikk og etter fleire år som frivillig ved Molde Jazz, har eg opplevd ei rekke store artistar.

Eg trener på Golds Gym, og det er kjekt å observere så mange kollegaer på gymmen.

Har kjøpt meg leilegheit i Storevegen Terrasse (Mjøbakken), som eg no har totalrenovert. Son min flyttar etter i sommar. Han spelar fotball og vil delta for ÅFK under Norway Cup.

I neste nummer vil eg fortelle om korleis det er å vere rådmann og kva eg tenkjer om leiing.

*Mvh*

*Frank Westad*



## Sidan sist .....

### Byrja:

Kristine Mardal, fysioterapeut  
Magalodi Mazongo, lege  
Anne Marte Stenehjem, spesialomsorg  
Jan Egil Bøthun, tekniske tenester

### Slutta:

Kristine Loftesnes Feigum  
Jenny Nykvist  
Betsy Fykse  
Beate Sagen Talsæte

Torunn Liltved (permisjon)

### Pensjonistar:

Turid Nordbye  
Ingvild Standnes  
Torill Hollevik  
Malmfrid Sønstlien (01.08)  
Synnøve Vee (01.08)  
d Moen (01.09)

*ønskjer alle lykke til som pensjonistar.*



## Sykle- og gåaksjonen 2013

Det vart levert inn 87 utfylte lister som vart med i trekninga på fine premiar

Dei heldige vinnarane vart:

**1. premie: Anne Gerd Jevnaker, Uravegen barnehage.**

Sykkel eller gavekort på Golds Gym til ein verdi av kr 4.000,-

**2. premie: Johnny Sunde Sponås, ÅBO sone 2.**

Gåvekort til ein verdi på kr 1.000,- hjå Caleo hudpleie eller Tangen sport.

## Nytt reiseforsikringselskap og endra takstar

Årdal kommune brukar frå 01.05.2013 Europeiske reiseforsikring for sine tilsette på tenestereiser over heile verda.

Reiseforsikringa omfattar mellom anna:

Reisegods, kr. 30.000,-

Arbeidsgjevars effektar, kr. 15.000,-

Sjukdom inkl. heimtransport, ubegrensa

Reiseansvar, kr. 6.000.000,-

Retts hjelp, kr. 20.000,-

Avbestilling, kr. 40.000,-

Reiseulykke død/invalid, inntil kr. 100.000,-

Meir informasjon finn du på intranett under menyvalet *reiseinformasjon*

# 2 på jobben

**Jan Egil Bøtun** er ein ung mann, men har likevel mykje jobberfaring.

Etter tre år på line for automasjon ved Årdal Vidaregåande starta han si jobbkarriere ved Hydro aluminium, der han var i to år.

Etter avtent verneplikt i sjøforsvaret, vart det 7 års teneste som mekanikar ved Indre Sogn Bil, og pr i dag har han jobba på renovasjon, og for det meste på Geithusanlegget i vel tre år.

Automasjon og prosess interesserer Jan Egil, og prosessar er det nok av ved forbrenningsanlegget. Anlegget går over fleire etasjar med forbrenningsomnen som midtpunkt. Laban møter Jan Egil på kontrollrommet ein dag anlegget står, grunna reparasjon av lekkasjar på ein stor kjele, som skal kjøle ned røyken før den går til filtrering. Han forklarar anlegget i detalj via grafikk på dataskjermene, og Laban vert og med ned for å sjå nærare på sjølve omnen. På biletet står Jan Egil i omnsdøra.



Den engelske produsenten Leeds Insineration leverte kjempeomnen tidleg på 80 talet, og omnen er i dag unik fordi den kan brenne patologisk avfall, samt dyrekadaver. Dette er noko som nyare anlegg ikkje kan gjere grunna for kort opphaldstid i ovnen. Geithus er no spesialistar på dette området, og tek mellom anna store mengder avfall frå Helse Vest i Bergen. Vel 7000 tilsette på Haukeland, og deira pasientar produserer mykje avfall, men Geithus tek unna. Makulering av papir er og ein vesentleg del av drifta. Jan Egil styrer og mottak for farleg avfall (tidlegare kalla spesialavfall), frå hushaldningar og mindre bedrifter etter strenge reglar. Han har sjølv sagt og merka seg dei negative målingane på utslepp ved anlegget, men har stor tru på at dei skal klare å få dette på plass med ulike tiltak, mellom anna å brenne noko seinare, dvs å gå litt under 1 tonn/t som er det omnen skal vere god for. Laban ønskjer god sommar i Geithus.



**Hanne Hestetun** er årdalsjenta som vaks opp i Stavanger. Det høyrer på praten, og spesielt på r'ane. Vi møter Hanne på kontoret hennar i Tangevegen 14.

Hanne jobbar i psykiatrien som barne- og ungdomskontakt. Ho byrja å jobbe i Årdal kommune i 2005 der ho først jobba eit års tid i ungdomsklubben Kjedlar'n. Ho kom den gong rett frå høgskulen i Sogndal som nyutdanna barnevernspedagog. Ho gjekk så inn i område spesialomsorg, nærare bestemt Grandane bufelleskap, og hamna først i 2007 i Tangevegen 14.

Jobben som barne- og ungdomskontakt er spennande og gjevande, og på dette feltet er det arbeid for minst ein person til seier Hanne til Laban. Mykje av jobben er på det førebyggjande plan. Støttesamtalar med enkeltelevar kan vere naudsynt ved mobbekonfliktar, omsorgsproblem heime, mm. Hanne er og ute i skuleklassar og svarar på førebudde spørsmål.

Barne- og ungdomskontakten samarbeider tett med PPT, helsestasjonane, barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrien (BUP). I stillingsinstruksjonen står det at jobben famnar om born frå 0 til 18 år.

Hanne rosar prosjektet Betre Tverrfagleg Innsats. (Det kan de lese meir om anna stad i Laban). Prosjektet set oss i stand til å sette inn hjelpa enno tidlegare, seier jenta som og har teke vidareutdanning i kognitiv terapi.

Laban ønskjer begge alt godt i jobben framover.

# Litt av kvart.....

**“Masken på, skund deg nå, det er karneval”!**

## KARNEVAL PÅ SFO I ØVRE.

I februar var tida inne for å leite i gamle skåp og skuffer etter spennande klede. Februar var karnevalsmånaden, og ein kjekk anledning for små og store med ein aldri så liten fest! Me var samla i storstova torsdag 14. februar, og der var politi, prinsesser, hekser, klovnar og mange andre spennande kostyme.

I storstova blei det servert pølser og brus og me dansa, leika og hadde mykje moro. ”Katta i sekken” er alltid like populær, og jubelen sto sjølvstogt i taket då det endeleg blei hol og godteri på alle.

Mvh.

SFO i Øvre

## Utryddingstrua dyreart.....

Kven skulle tru at måken er utryddingstrua?



**Utdrag fra Naturmangfaldlovens § 15:** ”Høsting og annet uttak av naturlig villlevende dyr skal følge av lov eller vedtak med hjemmel i lov. Unødig skade og lidelse på villlevende dyr og deres reir, bo eller hi skal unngås.”

«Det er ulovlig å sette i verk skadefelling av hekkende måker uten at kommunen har gitt skriftlig tillatelse. Tillatelse kan kun gis etter skriftlig søknad til kommunen og tillatelse til skadefelling gjelder bare voksne individ.

Det er ikke tillatt å fjerne eller skade reir, egg eller unger. Unger kan bare avlives dersom foreldrene har blitt avlivet først.»

«Måkeartene som hekker på hustak er i all hovedsak trua arter og fjerning av reir og unger er i utgangspunktet ikke tillatt for noen arter. Det må derfor fokuseres på forebyggende tiltak om en ønsker å forhindre at måker hekker på hustak. «

## Stengd veg

I samband med at det skal leggjast nye røyr og kablar er deler av Langvollvegen på Årdalstangen stengd.

Det blir mest sannsynleg stengt ut august månad

## Reservere billetter til kino og kulturarrangement

**Slit du med å kjøpe billetter elektronisk på billettløysinga vår?**

Du kan no reservere billetter på kino- og kulturarrangement som ligg i den kommunale billettløysinga.

Ta turen innom eller ring så ordnar me dette:

Tenestetorget, tlf. 57 66 52 20 eller ved

Årdal bibliotek, tlf. 57 66 53 73.

For kommunale arrangement må du hente billettane seinast 20 minutt før framsyninga/førestilling startar, elles vert reservasjon sletta.

Oversikten finn du på vår kino og kulturside.

## Båndtvang



Det er mange hundeeigarar i Årdal kommune. Dei aller fleste held hundane sine i band, men Laban vil likevel minne om bandtvangen.

Kommunestyret vedtok 26.11.2009 forskrift om utvida bandtvang i Årdal kommune.

Tek med to viktige paragrafar:

### § 2. Utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite

I tida frå 1. april til 1. november pliktar eigar eller innehavar av hund i Årdal kommune å halda hunden i band, forsvarleg inngjerda eller innestengd.

### § 3. Bandtvang i område av omsyn til menneske

Det er bandtvang i maskinpreparerte skiløyper heile året. Dersom nokon har med seg hund i maskinpreparerte skiløyper, skal ikkje denne vere til hinder for andre brukarar.

## Årdal kino

Snittbesøk på kino hittil i år er 57. Vi har hatt 69 forstillingar og 3851 besøkende.

Mai mnd. var størst med snitt på 72.

Da er 2 gratisfilmar 17. mai inkludert.

I mai hadde vi 15 førestillingar og 1084 besøkende.

**Filmprogram i sommar - sjå anna stad i bladet.**

# Brukarmedverknad

***Ei lita påminning i ei utfordrande tid for dei fleste av oss***

Årdal kommune har definert reinhald som ein helse- og haldningsskapande samarbeidsprosess, med delt ansvar mellom brukarane og reinhaldarane:

Brukarane har ei førebyggjande rolle ved å halde arbeidsplassen sin ryddig og tilgjengeleg for reingjering der reinhaldarane skal gjere reint.

**5 enkle råd som sikrar eit god innemiljø for deg som brukar:**

- \* unngå å ta med skit inn i bygget
- \* bruk blåsokk og/eller innesko
- \* legge tilrette for reingjering ved å unngå rot, lause ledningar m.m.
- \* straks tørke opp/fjerne søl om du skulle vere uheldig
- \* ta med deg bos som luktar (matavfall, frukt m.m.) når du går for dagen

GOD SOMMAR

*Helsing Reinhaldsgruppa.*



# Nye melderutinar

***Drift og vedlikehald av kommunale bygg***

**Redusert bemanning gjer at FDV-seksjonen må gjera visse organisasjonsmessige endringar. Seksjonen har no 3 driftsansvarlege. Desse er ikkje lenger knytte til faste bygg.**

For brukarane betyr dette at dei no ikkje har ein fast driftsansvarleg å venda seg til når dei vil gje melding til FDV-seksjonen. alle slik meldingar må heretter sendast elektronisk.

Meldingar til FDV-seksjonen skal sendast pr. e-post til: [fdvardal@alav.no](mailto:fdvardal@alav.no)

For å gjera oppfølginga lettare, ber FDV-seksjonen om at brukarane i emnefeltet på e-posten gjev opp kva bygg meldinga gjeld i tillegg til ei kort beskrivelse av innhaldet i meldinga.

**Døme:**

Emne: Årdalshallen - Defekt lysarmatur i garderobe 4

Når meldinga er registrert hjå FDV-seksjonen, vil brukar motta kvittering. Mottekne meldingar vert forløpande følgde opp etter prioritet.

Meldingar av akutt karakter, og som krev umiddelbar oppfølging, skal rettast til:

Akutte meldingar i vanleg arbeidstid:

Torbjørn Haug, 908 373 43

Hans Jørgen Røneid, 57 66 51 20

Akutte meldingar utanfor vanleg arbeidstid:

Teknisk vakt, Årdal kommune 918 57 966

# ROS-analyse, kva er det?

Lovheimelen finn ein i arbeidsmiljølova § 3-1.2.c. Der vi vert pålagt å kartlegge fare og problem, og på bakgrunn av kartlegginga utarbeide planar og sette i verk tiltak.



Kapittel 9 i revidert HMT handbok for Årdal og Lærdal kommunar har dette på plass, og seier mellom anna i kap. 9:

*Ei ROS-analyse er ei vurdering av sjansane for at noko uønska kan skje, og kva konsekvensar dette kan få. Dette gjeld ikkje berre store ulukker, men og t.d. belastningsskade, sjukdom, fare for forureining m.m. Tenesteleiar har ansvar for kartlegging av fare og problem på arbeidsplassane. Vurdere risiko, utarbeide planar, instruksar og tiltak for å redusere risikotilhøva.*

Fredag 7. juni vart det gjort ROS-analyse på ei avdeling på sjukeheimen i regi av Bedriftshelsetenesta. Her var ei rekke personar frå ulike omsorgsavdelingar med for å lære om ROS, korleis gjere analyse, korleis lage handlingsplan. Målet er å verte sjølvhjelpne, og fleire liknande opplæringstiltak vil kome. Det er lov å kontakte BHT for assistanse eller gjere ROS sjølv - rett og slett.

Det hastar. Arbeidstilsynet er på hogget når det gjeld ROS, og vi må tåle tilsyn.

## Prosjekt Spesialomsorg

Prosjekt i spesialomsorg er no inne i ein slutfase. Det vil i løpet av august/september foreligge ein sluttrapport. Fleire av delprosjekta er avslutta og ein har komme med konkrete forslag som er/skal leggast fram til styringsgruppa. Det vil bli jobba vidare med å implemere ulike prosedyrar i tenesta når prosjekt perioden er over. På grunn av ressursmessige årsakar er det stillstand i delprosjekt 4, Samordning butiltak, Asvo og vaksenopplæring. Ein tek sikte på å få samle denne gruppa i siste halvdel av august.

Det vart i januar månad utarbeida ein kompetanseplan for tilsette i spesialomsorg. Denne er utarbeida etter kartlegging av behov og ynskjer frå dei tilsette. Frå februar-juni har det vore gjennomført eit kurs pr månad i regi av Vaksenhabiliteringa. Det har ved alle kursa vore mellom 20 og 35 deltakarar noko ein må sjå seg særst nøgd med, spesielt då dei tilsette har delteke på kursa på si eiga fritid. Deler av denne gruppa vil etter prosjektslutt bestå og komme saman for å komme med utkast til kompetanseplan for 2014, denne planen vil ikkje bli så omfattande.

I løpet av våren er MinVakt etablert i Grandane, Tangavegen 14 og Hydrovegen. Øvstetunsvegen 1 vil ta i bruk MinVakt før sommarferien. MinVakt vil bli innført i resterande boligar til hausten.

Eg vil takka alle som har vore med å bidrege i prosjektet så langt.

Ynskjer alle ein god og solrik sommar.

Bente Ålsberg Nesse

# Slik trener vi i ÅKBIL

Årdal kommunale bedriftsidrettslag vil ha fleire med på trim og trening og håpar med dette å inspirere og vise gamle og nye medlemmar at å halde seg i form med oss er gøy! Alle aktivitetane våre passar for alle som likar å røre på seg, og nivået vi spelar innebandy på passar for alle. Dei som deltek på dei faste treningane våre er alt fra 25 til godt over 60 år.

ÅKBIL har over 120 medlemmar og godt over 40 er aktive i laget minst ein dag i veka. Det er ikkje berre kommunetilsette som kan melda seg inn, men også andre interesserte. Vi har fem faste aktivitetar i veka og prøver i tillegg å arrangere ein lågterskel hausttur og ettermiddagsturar. Nytt i sommar er turar til trimpostene som vi skal prøve å arrangere fast ein dag i veka. Faste aktivitetar resten av året er:

- Innebandy med sirkeltrening
  - o I gymsalen på Farnes skule mandagar kl 2000-2100 og torsdagar 1900-2030
  - o I gymsalen på Tangen skule torsdagar 1545-1700
- «Kjellfridtrimmen» (styrketrening med Kjellfrid Gustavsén) i gymsalen på Farnes skule tirsdager kl 1930
- Løpetrening onsdagar. Her vekslar vi på intervalltreningar som oppkøyring til Holmenkollstafetten og langturar i roleg tempo
- Nytt i sommar! Turar til dei ulike trimpostane i kommunen. Sjå meir om tid og stad på heimesida til kommunen og på Facebook framover.

Informasjon om aktivitetane legg vi ut på Årdal kommunale bedriftsidrettslag på Facebook og kommunen si intra-/internettside. I tillegg sender vi ut til dei ulike verksemdene i kommunen og håpar dei tilsette blir kjend med innhaldet. Informasjon om trimpostturane i sommar vil ikkje bli sendt ut på papir, men kun bli annonsert via internett og Facebook.



Løpegjengen i godt driv opp Elvavegen



Mona Fykse, Frank Westad og Harald Stadheim arbeidar hardt under sirkeløkta





## Avtale med Golds Gym

**Årdal kommune har teikna ein bedriftsavtale med Golds gym Årdal som gjev alle kommunetilsette ein rabatt på medlemspris.**

### Vilkåra er slik:

- \* Kr 0,- i innmeldingsavgift for nye medlemmer. Ordinær pris her er kr. 600,- pr. i dag
- \* Kr 469,- i månadsavgift. Ordinær pris er kr. 525,- pr. i dag. (Dei som har inngått avtale om lågare månadspris får sjølv sagt behalde den prisen).
- \* Ein føresetnad er ei bindingstid på 12 månader
- \* Tilbodet kan ikkje kombinerast med andre kampanjar/tilbod

### Medlemsskapet inkluderer:

- \* Ope 7 dagar i veka med bemanna opningstider
- \* Muligheit for trening kvar dag frå kl. 06.00-24.00 mot eit eingongstillegg (kjøp av brikke)
- \* Fri tilgang til ei rekke gruppetimar med ulikt preg og treningstypar
- \* Introduksjon ved oppstart (gjeld nye medlemmer)
- \* Dei nyaste treningsapparatar
- \* Eit sosialt miljø

### Tilgang til kjøp av:

- \* Personleg trenar for maksimal utnytting av treninga
- \* Personleg trening i små grupper
- \* Klassisk massasje med triggerpunkts behandling
- \* Sol

Innmelding skjer ved at du møter opp ved Golds Gym og teiknar ein kontrakt. Det vert da ein kontrakt mellom deg og treningsenteret.

Endring av pris (dersom den vert lågare enn den du har i dag) i månadsavgifta til allereie innmelde medlemmer skjer automatisk og gjeld frå mars.

**Ingen kostnad for Årdal kommune, men ein forbetra avtale spesielt for nye medlemmer som slepp innmeldingsavgift og får rabattert pris. Betre månadspris vil nok sikkert også gjelde fleire av dei tilsette.**

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål.

## Flyttesjau

**Kyrkjekontoret er no å finne i Rådhus 2 der økonomiavdelinga var tidlegare. Økonomiavdelinga er flytta inn i Rådhus 1 i lokala som Tenestetorget hadde.**



Organistane Bert Brons og Freek Ypma i gang med flytting



Johanne Molland og Ruth Jane Øren i nye lokalet

# BTI - betre tverrfagleg innsats

BTI er ein samarbeidsmodell, som sikrar heilskapleg og koordinert innsats overfor barn, unge og familiar det er knytt ekstra merksemd til. Målet er at det ikkje skal vere brot i oppfølginga slik at barn, unge og familiar skal få den hjelpa og oppfølginga dei har behov for.



Betre tverrfagleg innsats vart utvikla i samarbeid med ei rekkje danske kommunar, regionar og organisasjonar.

Erfaringane syner at deltakarane får betre og felles forståing og oversikt over kvarandre sine oppgåver. Deltakarane vert betre til å koordinere innsats og ansvar slik at oppfølginga vert meir heilskapleg og samanhengjande. I tillegg sikrar modellen at innsatsen vert dokumentert og fremjar god overgang mellom ulike tenester, til dømes mellom barnehage og skule.

Hausten 2011 fekk Helsedirektoratet løyve av Sosialstyrelsen til å tilpasse BTI – modellen til norske tilhøve. På sikt er målet å utvikle BTI – modellen til inspirasjon for alle kommunane i landet, slik at dei som ønskjer det kan ta i bruk modellen.

For at dette arbeidet skal verte så godt som mogleg, vil Helsedirektoratet kvalitetssikra tilpassinga av modellen til norske tilhøve gjennom 8 utvalte nøkkkommunar. Årdal er ein av desse kommunane i vår region. Nøkkkommunane har ønske om å ta del i og prøve ut anten delar av modellen eller heile. Det er dei regionale kompetansesentera, for Årdal kommune sin del Stiftelsen Bergensklinikkene, som har valt ut og gjort avtalar med kommunane. Utviklingsarbeidet er planlagt fram til 01.01.2014.

Modellen kan nyttast for å tilretteleggje kommunen sin innsats både på eit overordna nivå, og ned til det praktiske daglege arbeidet for og med barna og familiane deira. Modellen med utarbeidde verktøy skal supplere det eksisterande samarbeidet og strukturane i kommunen og skal tilpassast lokale tilhøve. Modellen gir inspirasjon til å forbetre rutinar, verktøy og samarbeidsfora vi har i Årdal i dag, og gir inspirasjon på område der vi manglar gode rutinar og verktøy i arbeidet.

Arbeidet er i gang og byr på mange spennande utfordringar og avklaringar som skal kome innbyggjarane i Årdal til gode!

**Silje Berge**  
prosjektkoordinator *Betre tverrfagleg innsats (BTI)*

## Årdal kino

### Filmprogram i juli og august

Søndag 07.07 kl. 17.00: Grusomme meg 2.  
Torsdag 11.07 kl. 19.30: The Lone Ranger  
Torsdag 18.07 kl. 19.30: World War Z, 3D  
Søndag 28.07 kl. 19.30: The Wolverine, 3D

Fredag 02.08 kl. 18.00 Monsteruniversitetet. **Premiere**  
Søndag 04.08 kl. 17.00 Monsteruniversitetet  
Søndag 04.08 kl. 19.30 The Internship



**FAGFORBUNDET**

**INFORMASJON  
TIL MEDLEMNE**

Til våre medlemmar - me treng di hjelp!

Det er viktig at du gjev beskjed til din lokale fagforening når du:

- **Endrar namn, får ny adresse**  
(for at me alltid skal kunne sende deg medlemsblad og anna viktig informasjon)
- **Byter jobb, arbeidsplass/arbeidsgjevar eller endrar stillingsprosent**
- **Går frå å vere yrkesaktiv til arbeidsavklaringspeng, ulønna permisjon eller liknande**
- **Blir midlertidig eller permanent ufør (100%)**  
Du kan fortsatt være medlem, men du får redusert kontingent. (kr. 426,- for 2013)
- **Blir pensjonist (alderspensionist eller AFP)**  
Kontingenten vert redusert til kr 426,- for 2013.
- **Blir arbeidsledig/permittert**
- **Må overføre medlemskapet til anna fagforening (Jobb i anna kommune/region)**
- **Vil melde deg ut - utmelding må skje skriftleg. Ingen blir utmeldt automatisk!**
- **Startar utdanning/studier**  
Du kan bli studentmedlem hvis du ikkje har arbeidsinntekt som overstig grensa til Statens Lånekasse for Utdanning for å få maksimalt stipend, som i 2013 er kr 151.216. Hugs å søke om stipend

Me takkar for at du bidreg til at me heile tida er best mogeleg oppdaterte.  
(Ingenting skjer automatisk via arbeidsgjevar, Nav e.l.)

**TAKK FOR HJELPA!**

*Helsing Fagforbundet Årdal avd.220*

## ***Fysisk aktivitet og livsstil***

**Som ein del av IA-arbeidet var leiarar, tillitsvalde og verneombud på IA-samling 23. mai. Rune Edvardsen fra Bedrifshelse1 var foredragshaldar.**

Edvardsen la stor vekt på fysisk aktivitet som behandling. Fysisk aktivitet gir ofte vel så bra effekt som medisinar ved mange ulike plager og lidningar.

Han nemnde blant anna:

Plager i musklar og ledd, astma, KOLS, diverse lungeplager, diabetes og psykiske plager.

# Årdal kommunale musikk- og kulturskule

Årdal kommunale musikk- og kulturskule blomstrar som aldri før. Gong etter gong opptrer dei i ulike samanhengar i Kulturhuset med song, musikk og teater.

Musikkskulerektor Sigyn Øren gjer ein formidabel jobb saman med andre tilsette i musikk- og kulturskulen.

Kulturskulen har hatt ei auke i antal elevar, frå 181 hausten 2009 til 323 elevar hausten 2013.

Kulturskulen har to nye tilbod:

1. Dans ved dansepedagog Cecilie Hammer. Vel 60 elevar fordelt på 5 ulike grupper organisert etter alder.
2. Kunst ved kunstlærer Reidun Vinda. Vel 40 elevar fordelt på 6 grupper. 3 grupper på Tangen skule og 3 grupper på Farnes skule.

Ellers har kulturskulen tilbod om individuell musikkundervisning på følgjande instrument:

\* Gitar/bassgitar, trommer, piano/keyboard, saksofon, klarinett, blokkfløyte, tverrfløyte, kornett/trompet, althorn/baryton og song

Gruppeundervisning:

- \* Ku Dalvlu Dra (kulturskulen sitt danse-, musikk-, og dramatilbod for 1. og 2. klasse) og 50 elevar
- \* Farnes skulemusikk, 25 elevar
- \* Aspirantkorps på Tangen, 14 elevar.

Vi har også eit musikkterapitilbod til elevar med funksjonshemmingar eller andre særskilte behov. Nokre timar som enkeltundervisning på Tangen skule, Farnes skule og Årdal vidaregåande skule. Kulturskulen har også eit gruppetilbod ved Indre Sogn Asvo, ein time i veka (ASVO-bandet).

Kulturskulen og Indre Sogn ASVO har skrive kontrakt på dette samarbeidet!

Kulturskulen avslutta denne sesongen med ein stor gallakonsert i Kulturhuset 2. juni.

Dei hadde også konsert i Samfunnshuset på Tangen i samband med Fjord til Fjelldagane.

Til hausten skal kulturskulen delta i kulturveka i Farnes kyrkje, og det blir eit samarbeid med Øvre Årdal Janitsjarkorps om ei stor juleframsyning i kulturhuset i desember.



Biletet er frå gallakonserten i Kulturhuset.

Foto: Martine Myklevold, Porten.no

# Stortings- og sametingsval 2013

Førehandsrøysting er i tida 12. august – 6. september.

Du kan førehandsrøyste på Tenestetorget (rådhuset) i heile denne perioden og ved Årdal bibliotek i veke 34, 35 og 36.

I perioden 1. juli – 9. august kan veljar ta kontakt med kommunen og be om å få røyste ("tidligstemmegivning").

Valdagen er måndag 9. september 2013 og i Årdal er det to stemmekretser; Øvre Årdal og Årdalstangen.

## Røystestader på valdagen er:

Årdalstangen, rådhuset kl. 09.00 – 20.00

Øvre Årdal, Årdal kulturhus kl. 09.00 – 20.00

Dei som kan røyste på Sametingsvalet og er busett i Årdal, må gjere dette på førehandsrøysting.

## HMT handboka er revidert

**Årdal og Lærdal (ÅL) kommunane har identiske handbøker og revisjonen er gjort i samarbeid med Lærdal kommune.**

Handboka har stort sett same innhald som før, men oppsettet er endra vesentleg.

Systema våre har fått prøve seg i fleire tilsyn i begge kommunar, og arbeidstilsynet har gjeve gode attendemeldingar. Systema i handboka må brukast, og lova forpliktar alle tilsette. Leiarar og verneombod har eit særleg ansvar her.

Det viktigaste kapitlet i boka er kap 16, avvikshandsaming og rapportering, her har alle tilsette eit ansvar.

Alle skal melde inn avvik, situasjonar, og hendingar til næraste leiar, som igjen er forplikta til å svare med Tiltak, Ansvar og Tidsfrist.

Tilsyn den seinare tid har i stadig større grad vore retta mot system for innmelding og attendemelding.

Denne type kommunikasjon er viktig, og må kunne dokumenterast.

HMT handboka ligg på Intranett under HMT - Handbøker, men skal og vere tilgjengeleg som papirversjon for dei som treng det

Leiarar må skrive ut til verneomboda, og evt andre



## Ut på tur - aldri ...

Reinholdarane på Tangen har sidan påske gått tur kvar tysdag ettermiddag.

Dei har gått på postane som Årdal Turlag har sett opp og bruker klyppekorta deira.

Det har vore godt oppmøte kvar gong. Den som har gått flest turar får premie av Folkehelsekoordinatoren.

Etter sommarferien startar dei opp att med turane. Dette er både sosialt og god trim.

## Flisekuttar

Minner om at det er mogleg å låne flisekuttar mot eit depositum på kr 200,-.

På Tangen er flisekuttarane på Tenestetorget, i Øvre er det Frivilligsentralen på Gamleskolen som har dei.

## Feiekost til fritidsbustad/hytte

Det er også høve til å låne feiekost til skorsteinspiper på Tenestetorget. Depositum på kr 200,-.

# Årshjul 2013 - Personalarbeidet i Årdal kommune

(I IA-perspektiv og som del av HMT-arbeidet til Årdal kommune)  
Vedteke i AMU 20. mars 2013

To viktige aktivitetar i årshjulet som skal gjennomførast i 2013.

Aktivitet	Mål	Tidsrom	Deltakarar
<b>Seminar:</b> «Stress og stressmeistring i kvardagen»	Kunnskap om begrep, meistringsmetodar og førebyggingstiltak mot stress	28. august kl. 11.00-15.00	Leiarar, tilitsvalde og verneombod
<b>Tilsettsamling</b> «Sjef i eige liv»	Refleksjon, motivasjonsløft	18. november kl. 12.00-14.00 og 16.30-18.30	Tilsette

## Status nedbemanning, jfr. budsjettvedtak 2013

I møte i Kommunestyret 13. desember 2012 var det vedteke ein reduksjon i totalt lønskostnader tilsvarande 15 millionar for 2013, omrekna til 42,2 årsverk.

Frå januar og fram til i dag har det vore arbeida kontinuerleg med å ta ned drifta i tråd med vedtaket.

Status pr. juni er som følgjer:

Det er gjort eit varig nedtak i stillingar tilsvarande 33,5 årsverk. Dette tilsvarer ei innsparing på om lag 10,5 millionar for budsjettåret 2013. Resterande 4,5 millionar er for 2013 mellom anna løyst ved at tilsette i permisjon eller lenger sjukefråver ikkje vert erstatta.

Heilårsverknad for eit nedtak på 33,5 årverk tilsvarar omlag 16,7 millionar.

Utfordringane er i vesentleg grad løyst ved at me i ein lenger periode bevisst har halde att ledige stillingar ute i områda, både faste og vikariat. Me har da hatt mulighet til å kunne tilby overtallige tilsette anna arbeid dersom dei har rett kompetanse. 36 tilsette er direkte råka av endring i arbeidsavtale. 14 tilsette er slutta i kommunen som følgje av pensjonsavgang, uføre eller anna arbeid.

Nedtak er gjort i heile organisasjonen og leiarane er informert om detaljar kring dette.

Utfordringane vidare med å ta ned driftsutgiftene med ytterlegare 26,4 millionar (akkumulert underskot i Årdal kommune) inneber nye prosessar på nedtak i tal stillingsheimlar. Denne prosessen startar like over sommarferien i samband med utarbeiding av økonomi og handlingsplan 2014-2017.

### Status sjukefråver

Det totalt sjukefråveret i Årdal kommune er 7,9% pr. 30. mai 2013 (ca 4400 dagsverk). Av dette er 1,3% eigenmeldingar og 6,6% legemeldt fråver. Dette er ein auke på 0,3% poeng frå same periode i fjor.

Skulane har nedgang i sjukefråveret. Statistikken syner 4,3% fråver ved Tangen skule og 6,0 % ved Farnes skule. Barnehagane har også ein nedgang frå 9,1% i fjor til 7,8% i år.

Reduksjon ser me også ved Tekniske tenester, frå 10% sjukefråver i 2012 til 7,9% i 2013.

Omsorgstenestene, både eldreomsorg og spesialomsorg har hatt ein vesentleg auke frå i fjor. Eldreomsorg har auka frå 6,7% pr. mai 2012 til 9,2% i år. Spesialomsorg frå 7,3% til 11,2%.

Målsetjinga for Årdal kommune er eit sjukefråver under 7%. Det skal vere fokus på oppfølgjingsarbeidet og spesielt dersom fråveret skuldast tilhøve på arbeidsplassen. God dialog mellom arbeidstakar og leiar er viktig i dette arbeidet.

# Revidert budsjett 2013

## Økonomi- og handlingsplan 2013 - 2016

Vedteke i kommunestyret 20.06.13 sak 045/13

Føresetnadane som låg til grunn for budsjett 2013 er vesentleg endra, og rådmannen legg fram tilråding på revidert budsjett 2013, og korrigering av økonomi- og handlingsplanen for 2013 – 2016.

Rådmannen legg fram eit revidert budsjett for 2013 i balanse.

Meirforbruket som er opparbeida, legg rådmannen opp til å innarbeida som nedtak i 2014 og 2015 i økonomi- og handlingsplan for 2013 – 2016. Nedtaket inneber vesentlege nedtak på personalressursane.

### VEDTAK

Det vedtekne budsjettet for 2013 må reviderast for å oppnå budsjettbalanse, og rådmannen gjer framlegg om fylgjande endringar;

1. Rådmannen gjer framlegg om fylgjande for å oppnå budsjettbalanse i 2013;
  - a) Det vert omgåande innført generell stopp i all reiseverksemd.
  - b) Vidareføre og forsterke restriksjonar på innkjøp og tilsetjingar
- c) Justering av einskildpostar på fleire ansvarsområder.

2. Kommunestyret vedtek netto ramme til kvart ansvarsområde slik det kjem fram under pkt. økonomi og utarbeida driftsoversyn.

**Tiltak for å dekkja inn samla akkumulert underskot på kr.26,4 mill.**

#### 1. Strukturelle endringar

- a. *Organisatoriske endringar*
  - i. Administrative stillingar
  - ii. Faglege stillingar
  - iii. Operative stillingar
- b. *Reforhandle ulike avtalar*
  - i. Brannavtale Hydro
  - ii. Interkommunalt samarbeid
    1. Barnevern
    2. PPT
- c. *Samlokalisering*
  - i. Felles legekontor
  - ii. Felles ungdomsskule
  - iii. Flytting av funksjonar

#### 2. Overføringar til andre

- a. Kyrkja
- b. Lag og organisasjonar

#### 3. Kommunal eigedomsmasse

- a. *Sal av eigedommar*
- b. *ENØK-tiltak*
- c. *Stenging av eigedommar*
- d. *Avklare framtidig driftsform*

Vidare vil kommunestyret understreka merksemda omkring pkt. 1 a) "strukturelle organisatoriske endringar", og spesielt pkt. i) "administrative stillingar". Dette krev grundige prosessar, gjerne i kombinasjon med nye organisasjonsplanar. Viser elles til vedtak knytt til årsbudsjett og revidert budsjett dei siste åra. Kommunestyret ber om status på desse vedtaka tidleg haust 2013.

Rådmannen vil innarbeida og konkretisera ovanfornemnde tiltak i økonomi- og handlingsplanen for 2014-2017.

Ovannemnde tiltak inneber i all hovudsak ein reduksjon i tal tilsette.

Det vert ikkje lagt inn investeringsmidlar til ny sjukeheim i Seimsdalen i økonomi- og handlingsplanen for 2013-2016.

Økonomi- og handlingsplanen for 2013-2016 vert vedteken slik den ligg føre, med innarbeiding av nedtak av meirforbruket pr.31.12.12, fordelt på 2014 og 2015.



# VITSESTAFETTEN

av Ruth Jane Øren

Kona var lei av å verte uroa av familien heile tida, så ho tok båten, rodde langt ut på fjorden, kasta anker og sette seg til for å lesa boka si ferdig.

Etter ei stund kom ein patruljebåt frå politiet opp på sida av ho. «God dag frue», sa betjenten. «Kva gjer De her ute?» «Eg les ei bok», svara ho (noko einkvar idiot bør sjå tenkte ho). «De oppheld dykk i eit område der det er forbudt å fiska» sa betjenten

«Ja, men eg fiskar ikkje, eg les», svara ho igjen.

«Ja, men De har utstyr til å fiska ombord, og eg veit jo ikkje om De byrjar å fiska så snart eg vender ryggen til. Difor må eg be Dykk om å følgja med meg til land, for eg må skrive ei åtvaring og ei bot».

«Om De gjer det, så må eg anklaga Dykk for voldekt», sa kvinna

«Voldekt», ropte han. «Eg har ikkje ein gong rørt Dykk!»

«Riktig», svara kvinna, «men De har jo utstyret til det, og eg veit jo ikkje om De kanskje gjer det så snart eg vender ryggen til...».

Betjenten tygde litt på dette og sa:

«Farvel frue, og ha ein god dag», og drog avgarde.

Morale i historia er: Forstyrr aldri ei kvinne når ho les ei bok. Ho kan nemleg tenkja samstundes!

*Ruth Jane utfordrar Jorunn Luggenes til neste Labanvits.*



## Opningstider sommaren 2013

### Biblioteket

Frå tysdag 25. juni - 16. august

Måndag: 11.00 – 16.00

Tysdag: 11.00 – 16.00

Onsdag: 11.00 – 16.00

Torsdag: 11.00 – 18.30

Fredag: STENGT

### Laurdagsope

7. september

5. oktober

2. november

7. desember

### Friluftsbadet i Øvre

Opningstider:

Kvar dag kl. 13.00 - 19.00

*Friluftsbadet på Årdalstangen er stengt.*

Årdal kyrkje er open kvar dag i perioden  
**03.06-12.08 kl. 09.00-21.00**

### Helsestasjonane

T.o.m veke 27 ope frå 7.30 – 14.30 kvar dag.

Veke 28 ope 8.00-15.00 kvar dag.

Veke 29 ope annan kvar dag, 8.00-15.00

Veke 30 ope stort sett kvar dag, 8.00-15.00

f.o.m. veke 31 ope 7.30 – 14.30 kvar dag.

Tlf. 57 66 52 82/ 57 66 53 83

*Helsestasjonen for ungdom er open i Øvre kvar mandag  
kl. 14.00 - 15.30.*

### Legekontora

Det blir felles legekontor i Øvre Årdal i sommar.

### Opningstider i tida 01.07-12.08:

Mandag-torsdag:

09.00 - 12.00

13.30 - 14.30

Fredag:

09.00 - 12.00

Tlf. 57 66 53 90

Legevakt: 57 66 51 13